



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 30.12.2019  
Vår ref: 15/01566-22  
Deres ref:

## **Tildeling av driftskonsesjon etter mineralloven for Smylemoen i Bykle kommune. Tiltakshaver: Helleik Magne Jeiskelid (Enkeltpersonforetak)**

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

**WEB** [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

### **1. Tildeling av driftskonsesjon**

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknaden om driftskonsesjon datert 28. oktober 2015 frå Helleik Magne Jeiskelid, med organisasjonsnummer 970 225 684. Helleik Magne Jeiskelid, heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av grus og fast fjell i Smylemoen på eigedomen gnr./bnr. 16/16 og 16/20 i Bykle kommune. Mineralførekomsten høyrer til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 81 dekar og går fram av kart over konsesjonsområde, sjå vedlegg 1.

Området er i «Detaljregulering av masstak for Smylemoen, del av gnr. 16 bnr. 16 og 20 i Bykle kommune» med planID200913 vedteken i kommunestyret den 7. februar 2011 regulert til massetak.

**DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gitt i medhald av minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter annan lovgiving.**

### **2. Vilkår for driftskonsesjonen**

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:



### **2.1. Driftsplan**

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

### **2.2. Økonomisk sikkerheit**

Tiltakshavaren blir pålagt å stille økonomisk sikkerheit med NOK 630 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 157 500, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Innan 2 månader etter datoen på dette konsesjonsvedtaket skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, sjå vedlegg 2;
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande, sjå vedlegg 3;
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6, sjå vedlegg 4.

### **2.3. Bergteknisk ansvarleg**

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

### **2.4. Andre vilkår**

DMF setter ytterligere eit vilkår med følgjande innhald:

- Konesjonsgrensa for massetaket, skal innan 2 månader frå dato for konsesjonstildeling, setjast ut eller markerast i terrenget på ein slik måte at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

## **3. Godkjenning av driftsplan**

DMF godkjenner driftsplanen for Smylemoen. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

## **4. Høyringsfråsegner med kommentarar frå DMF**

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Bykle kommune, Agder Energi Nett AS, Aust-Agder fylkeskommune, Fylkesmannen i Agder, Statens Vegvesen Region sør, grunneigar og omkringliggjande naboar.



Høringsperioden var frå 24. oktober 2019 til 21. november 2019.

DMF har motteken høyringsfråsegn frå Aust- Agder fylkeskommune, Statens Vegvesen Region sør, Tor Korsmo og Fylkesmannen i Agder. Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

Aust- Agder fylkeskommune

Aust- Agder fylkeskommune har ingen merknader til konsesjonssøknaden.

*DMF si kommentar:*

*DMF tek høyringsfråsegnet til etterretning.*

Statens Vegvesen Region sør

Statens Vegvesen uttaler følgjande i sitt høyringsfråsegn:

«Vegvesenet har ikkje merknader til tiltaket i seg sjølv. Atkomst til området går på kommunalt vegnett, som kjem ut på Riksveg 9, i kryss til Glidbjørg, der det er god sikt.

Vi ser at bruksklasse på Kv 1027 Glidbjørgsvegen er Bk10/50, medan Kv 1029 Smylemovegen bare er Bk6/32, og kommunen må sjølv sjå på om denne må oppgraderast i samband med massetransport».

*DMF si kommentar:*

*DMF tek høyringsfråsegnet til etterretning.*

Tor Korsmo

Tor Korsmo uttaler følgjande i sitt høyringsinnspel:

«Vi har en merknad angående avbøtende tiltak i forhold til støy. Ved opphold på vår fritidsbolig har det ved enkelte anledninger vært drift av steinknusing på nåværende uttak. Dette har vært tydelig å høre, selv om vår fritidsbolig ligger et stykke høyere oppe i fjellsiden.

Vi vet ikke om det finnes grenser for tillatt støy ved steinknusing, men ber om at det ved steinknusing vurderes eventuelle former for støyskjerming eller støydempende tiltak ved redskap/maskiner som benyttes».

*DMF si kommentar:*

*DMF tek høyringsfråsegnet til etterretning, og synar til forurensningsforskriften kapittel 30. Forskrifta sett krav til iverksetjing avbøtande tiltak for å førebygge støv og støy problematikk for omkringliggjande naboar. Det er Fylkesmannen i Agder som fører tilsyn med at Tiltakshaver driv i medhald av forskrifta.*

Fylkesmannen i Agder

Fylkesmannen i Agder uttaler følgjande i sitt høyringsfråsegn:

«Fylkesmannen har ingen vesentlige merknader til søknaden. Vi minner imidlertid om at virksomheten må sende inn meldeskjema for pukk- og knuseverk før oppstart, jf. forurensningsforskriften §30- 11. Skjemaset er



tilgjengelig via Fylkesmannen si nettside:

[https://www.fylkesmannen.no/agder/Mil-jo-og-klima/Forurensning/Skjemaveiledere--skjult-container/Skjemaveiledere/.](https://www.fylkesmannen.no/agder/Mil-jo-og-klima/Forurensning/Skjemaveiledere--skjult-container/Skjemaveiledere/)»

*DMF si kommentar:*

*DMF tek fråsegnet til etterretning, og føreset at Tiltakshavar gir slik melding til Fylkesmannen i Agder.*

Bykle kommune

Bykle kommune uttaler følgjande i sitt høyringsfråsegn:

«Området er regulert til massetak og tilbakeføring til LNF-område ved avslutting. Interessene innafor naturmangfald, kulturminne mv er avklåra i reguleringsplanen. Kommunen reknar ikkje med vesentleg påverknad av miljø eller forureining under føresetnad av at drifta blir i samsvar med ev konsesjon.

Kommunen har forventningar til at massetaket held seg innafor regulert område og at det vert lagt eit godt løp for avslutning av massetaket. Istandsetting og tilbakeføring/ revegetering bør skje etappevis i takt med uttak av masser. I driftsperioden må det vere klare grenser mellom det som er massetak og tilliggjande areal. Vekstmedium bør takast vare på og tilbakeførast. Kantsona mot elva er viktig for friluftsliv og for å avgrense eksponering av anlegget».

*DMF si kommentar:*

*DMF tek høyringsfråsegnet til etterretning og forutsett at Tiltakshavar driv i medhald av gjeldande reguleringsplan.*

## **5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon**

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevast driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkjaren er "skikka" til å utvinne førekomsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevast konsesjon.



DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

### **5.1 Utvinningsrett**

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhører kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavar er grunneigar av gnr./bnr. 16/16. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for gnr./bnr. 16/20, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekomsten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale med grunneigaren for gnr./bnr. 16/20, som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalen gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekomsten.

### **5.2 Arealstatus for tiltaket**

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 81 dekar og går fram av kart over konsesjonsområde, sjå vedlegg 1.

Området er i «Detaljregulering av masstak for Smylemoen, del av gnr. 16 bnr. 16 og 20 i Bykle kommune» med planID200913 vedteken i kommunestyret den 7. februar 2011 regulert til massetak.

### **5.3 Økonomien i prosjektet**

DMF har vurdert årsrekneskapen med styret si årsmelding og notar for dei siste 2 åra. På grunnlag av opplysningane som er gjevne vurderer DMF bedrifta som økonomisk skikka.

### **5.4 Driftsplan**

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av massetak. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer det planlagde uttaket av førekomsten innanfor arealet på 81 dekar. Det totale volumet massar som skal takast ut er estimert til kring 140 000 m<sup>3</sup> lausmassar og 63 000 m<sup>3</sup> fast fjell. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde samla uttaket per år er 4 000 m<sup>3</sup>. Utdrivne område som ikkje trengst i den vidare drifta, skal setjast i stand fortløpande. I tillegg til driftsfasane er det lagt fram ein plan for sikring og avslutting av grustaket. Planen er å føre brotområdet tilbake til LNF-område.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Smylemoen godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstillar dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.



Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

### **5.5 Bergfagleg forsvarleg drift**

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemd.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

### **5.6 Kva kompetanse søkjaren har til å drive førekomsten**

I vurderinga av om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkjaren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Helleik Magne Jeiskelid som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

### **5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga**

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne.

Det finst ein godkjend reguleringsplan for uttaket. Planskildringa i reguleringsplanen gjer greie for miljøverdiar i området og korleis uttaket vil påverke miljøet.

#### *Vurdering etter naturmangfaldlova*

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyringsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (gjennomførte den oktober og desember 2019) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. Det er ikkje kome fram opplysningar i vurderingsgrunnlaget som tyder på at uttaket vil kome i konflikt med naturverdiar i området. DMF reknar kunnskapskravet i naturmangfaldlova § 8 for oppfylt. Sidan uttaket ikkje vil ha nokon større verknad på naturmangfaldet og ein ikkje



kan påvise at tiltaket vil påverke truga, nær truga eller verdifull natur, legg DMF til grunn at det ikkje er nødvendig å gjere vidare vurderingar etter miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9–12.

På bakgrunn av det som er omtala ovanfor har DMF kome til at det ikkje finst faktorar knytte til miljø og kulturminne som tilseier at det ikkje skal gjevast driftskonsesjon eller at det er nødvendig å setje vilkår om avbøtande tiltak.

### **5.8 Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift**

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Massetaket ligg skjerma til. Ein må køyre gjennom det private tunet til Helleik Jeiskelid for å kome til massetaket. Veggen inn til massetaket er skilta med fare/anleggsområde. Det er ingen turvegar eller stiar i området og dagens uttaksområde er lite synleg frå vegen og området rundt, sidan skogen/skogbeltet er bevart. Brotvegg blir reinska fortløpande for lause stein med gravemaskin, etterkvart som det blir sprengt. Det blir fortløpande fylt inntil brotvegg med vrakmassar, så det blir naturlige skråningar. Brotvegg blir fortløpande reinska med gravemaskin, og så fylt inntil med vrakmassar for utforming av naturlig skråning. Det blir i tillegg sett opp midlertidig gjerde for å sikre brotkanten. Fylling blir gjort heilt til toppen av brotvegg, så det ikkje blir att nokon brotvegg over dette. Ved tilbakefylling vil ein utføre dette med stabil hellingvinkel som vil gi ei skråning med helling på maks 1:2.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

### **5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling**

Førekosten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga sand, grus, pukk og leire (byggjeråstoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg.

### **5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området**

Når masseuttaket er avslutta skal område gå over til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). Etter avslutning av drifta skal alle tekniske anlegg, som avfall, utstyr til drift, maskiner og bygg fjernast. Med dette skal det unngåast fare for menneske og dyr og danne utgangspunkt for istandsetting av området. Den visuelle verknaden av uttaket reduserast med revegetering. Samstundes blir erosjonsskader hindra. For revegetasjon skal det brukast vekstjord, som blir tatt vare på i løpet av drifta.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

### **5.11 Økonomisk sikkerheit**

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelege krava til sikkerheit.



Tiltakshavar ser ikkje behov for å stille økonomisk sikkerheit, da firmaet har hatt ei sunn drift og har solid eigenkapital. Tiltaka i avslutningsplanen er i hovudsak av ein slik grad at Tiltakshavar sjølv kan utføre desse.

#### **5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere**

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 630 000 for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på sine egne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

#### **5.11.2. Form for sikkerheit**

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

##### *Bankgaranti–oppstartsfase*

DMF vurderer det som nødvendig at Tiltakshavaren, innan 2 månader etter datoen då konsesjonsvedtaket blei gjort, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 157 500. Dette er nødvendig for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphøyr eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemd; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldende etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 157 500. Når



beløpet på bankkontoen har nådd NOK 157 500, eller tidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

#### *Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga*

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 630 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 4,89 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 14 år, det vil seie NOK 45 000 per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på 4 000 m<sup>3</sup>/år, tilsvarande om lag 9 200 tonn/år (ved vekta gjennomsnitt), noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 4,89 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

#### **5.11.3. Rapportering og dokumentasjon**

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivas kontoen.

I tillegg finn DMF det nødvendig at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphald.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor nødvendig å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

#### **5.11.4. Justering av sikkerheita**

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

## **6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld**

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a



Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

## 7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

### Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF. Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

### Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

### Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

### Ansvarlet til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

### Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på [dirmin.no](http://dirmin.no).

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

## 8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi



klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.

Med helsing

Maria Lauritzen  
seksjonssjef

Thomas Furunes  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*

Sakshandsamar: Geir Sigurd Hovig

Vedlegg:

Kart over konsesjonsområde.pdf

AVTALE OM FINANSIELL SIKKERHETSSTILLELSE.docx

PANTSETTELSESERKLÆRING FOR ENKLE PENGEKRAV.docx

PÅKRAVSGARANTI.docx

Driftsplan.pdf

Mottakrar:

Helgeik Magne Jeiskelid (enkelpersonforetak)	Smylemovegen 4	4754 BYKLE
---	----------------	------------

Kopi til:

Bykle kommune	Rådhuset	4754 BYKLE
Agder Energi Nett AS	Postboks 794 Stoa	4809 ARENDAL
Aust-Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809 ARENDAL
Fylkesmannen i Agder	Postboks 788 Stoa	4809 ARENDAL
Lajla Vaboen	Torridalsvegen 72	4630 KRISTIANSAND S
Olav A. Byklum	Setesdalsvegen 4065	4754 BYKLE
Silje M. Rygnestad Nesvaag	Setesdalsvegen 4063	4754 BYKLE
Jorunn Hoslemo Hagestad	Setesdalsvegen 4057	4754 BYKLE
Tor Hallvard T. Mosdøl	Kyrkjevegen 10	4754 BYKLE
Bjørn Erling Bakken Auestad	Gli dbjØrgsvegen 15	4754 BYKLE
Statens vegvesen Region sør	Postboks 723 Stoa	4808 ARENDAL
Tor Korsmo	Nordheimveien 7	4637 KRISTIANSAND S
Siri Helene Korsmo	Nordheimveien 7	4637 KRISTIANSAND S
Frank Mølland	Harevegen 8	4737 HORNNES
Tallak O. Hoslemo	Hoslemovegen 6	4754 BYKLE